

Haugesunds Avis vil også sende fra kommunestyremøta

18.08.2009



TV Sydvest får konkurranse av Haugesunds Avis

TV Sydvest i Uskedalen har hatt prøvesending frå kommunestyremøta i Kvinnherad, men no har også Haugesunds Avis meldt seg på denne marknaden.



Haugesunds Avis melder seg også på kommunestyre-marknaden

Nettsjef Gaute-Håkon Bleivik i Mediehuset Haugesunds Avis skriv til rådmannen at dei ynskjer å strema live-sendingane frå kommunestyremøta via sin TV-kanal på internett - HTV.

Bleivik skriv at e-posten hans er å betrakta som ein førespurnad om dette er noko Kvinnherad kommune kan vera interessert i og legg til at dei primært ynskjer å benytte lokalavisa si på nett - innsida.no - for å visa lesarane at dei viser kommunestyremøta.

Rådmann Trond Sætereng har svara og vist til prøveordninga med TV Sydvest.

Dei legg opp til at denne ordninga vert teke opp til evaluering i kommunestyremøtet 24. september, opplyser han. Etter denne evalueringa vert det teke stilling til ynskja mediedekning for kommunestyremøta. Difor vil rådmannen koma attende til førespurnaden frå Haugesunds Avis etter kommunestyremøtet i september.

Av Ola Matti Mathisen